

MØTEPROTOKOLL

Utval: Utval for natur
Møtestad: kommunehuset
Møtedato: 04.06.2008 **Tid:** 13.00

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev .

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av 7 medlemmer møtte 7, inkl. varamenn:

Desse medlemene møtte ikkje:

Sture Tveit

Olaug Karin Øystese kom til møte kl 14.50

I staden møtte:

Roy Vegar Hope

Ole Totland i sakene 25, 26 og 27

Andre som var tilstade på møtet:

Ordførar fram til og med sak 29, administrasjonssjef, leiar av teknisk eining møtte i sakene 24 - 27 og miljø- og plankonsulent saken 24 – 30 og 39 og 40 .

Før møtet vart sett, orienterte Johannes Kulild om grunneigarane på Jarland, Haug, Frøland og Børdal sitt syn på at Eikjedalsvassdraget er verna. Dei ønskjer at kommunen arbeider for at sidevassdraga vert opna opp for kraftutbygging.

Nestleiar Gunnar Bruvik leia møtet fram til kl 15.00 sidan leiaren var fråverande.

Merknader:

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 6. juni 2008

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:

Utvalet bestemte at sak 24 vart handsama då Olaug K Øystese møtte. Med denne merknaden vart innkalling og saklista samrøystes godkjend.

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:

Protokollen frå førre møte vart samrøystes vedteke.

UTVALET SITT KVARTER:

Helga Nygård orienterte om samtale ho har hatt med ein grunneigar på Steinsland som har innbydd kommunen til samarbeid om etablering av tilkomst til Steinslandsfjæra. Vidare orienterte ho om planane som er for moloen på Steinsland med tanke m.a. på mogleg betring av tilkomst for personar med nedsett funksjonsevne.

Adm.sjefen orienterte om dei samtaler som har vore med vedkomande siste tida. Kommunen er interessert i avtale både med småbåtforeninga og med grunneigarar med sikte på å betra tilkomsten til sjøen i dette området. Det er tenkeleg at det går an å få eksterne tilskotsmidlar til universell utforming/tilrettelegging for funksjonshemma.

Bjørn Sævid ba om at det vert sett fokus på oppmåling. Det tek i dag for lang tid å få målt opp ein eigedom

Leiar av teknisk eining sa at eininga har grepe fatt i dette. Det vert arbeidd for forbetringar.

Sigmund Dyrhovden viste til at det var sendt ut vatningsforbod. Han meiner at når me har så høg vassavgift er dette ikkje særleg heldig. Det burde vore vurdert å spara vatn på andre måtar evt. gjennom å ha sonevise forbod.

Administrasjonen orienterte om at vatningsproblema skuldar for dårleg kapasitet i leidningsnettet. Situasjonen kom brått på også på administrasjonen, og me ser at me burde orientert abonnentane på ein betre måte og også sett på andre måtar å regulera vassforbruket.

Gunnar Bruvik spurde om korleis det vert orientert om klagefrist i samband med orientering om vedtak.

Administrasjonen orienterte om at informasjon om klagefrist vert sendt ut saman med melding om vedtaket. I den grad dette ikkje er gjort er det ein feil på rutinane våre.

Han spurde og om det var gitt løyve til å bu i brakkene som var sett opp i industriområda på Rølvsvåg.

Administrasjonen orienterte om at det ikkje var høve til å bu i bygningar i industriområda i kommunen.

MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:

Det var ikkje spørsmål til utsendt oversikt over delegerte vedtak.

Desse sakene vart handsama:

SAKSLISTE

| Utvalgssakstype/nr. | Arkivsaksnr. | Tittel |
|----------------------------|---------------------|--|
| 0024/08 | 07/00025 | GODKJENNING AV FRAMLEGG TIL STRANDSONEPLAN |
| 0025/08 | 06/00330 | OPPSTART AV REGULERINGSPLAN GNR 18, BNR 5 ERIKAJORDET |
| 0026/08 | 07/00012 | FORTETTING I BUSTADFELTET LØNNEBAKKEN |
| 0027/08 | 07/00440 | REGULERINGSPLAN - HYTTEFELT KVITINGEN. |
| 0028/08 | 08/00079 | DELINGSSAK GNR 24, BNR 8. - GJERDE, TILLEGGSAREAL KLAGE PÅ VEDTAK |
| 0029/08 | 08/00138 | SØKNAD OM DELING GNR.24 BNR.9 KLAGE PÅ VEDTAK |
| 0030/08 | 08/00224 | DELINGSSAK GNR 9, BNR 3. BUSTADTOMT HISDALEN |
| 0031/08 | 08/00244 | DELINGSSAK GNR 35, BNR 3. - GARASJE BØRDALEN |
| 0032/08 | 07/00151 | SØKNAD OM BYGGJELØYVE FOR VEG TIL HYTTE PÅ GNR.34 BNR.185 SVENSDAL SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLAN. |
| 0033/08 | 07/00403 | SØKNAD OM BYGGJELØYVE FOR TILBYGG TIL HYTTE PÅ GNR.24 BNR.71 VED FITJAVATNET. SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLAN. |
| 0034/08 | 08/00011 | SØKNAD OM BYGGJELØYVE FOR RADARMASTER PÅ GNR.36 BNR.1 OG GNR.39 BNR.5 DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLAN |
| 0035/08 | 08/00038 | |

**BYGGJESAK HYTTE GNR 18, BNR 1. REISTAD KLAGE PÅ
VEDTAK I NATURUTVALET SAK 8/08**

- 0036/08 08/00242
**SØKNAD OM LØYVE TILÅ RIVA OG BYGGJAOPPATT
NAUST PÅ GNR.24 BNR.270 GJERDE. SØKNAD OM
DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLAN VEDR. BREDDE PÅ
NAUS**
- 0037/08 08/00209
**FORSKRIFT OM FRIST FOR SPREIING AV
GJØDSELVARER AV ORGANISK OPPHAV I SAMNANGER.**
- 0038/08 08/00177
**SØKNAD OM FRITAK FRÅ BU- OG DRIVEPLIKTA PÅ GNR 9
BNR 2 SVENN INGE SKULSTAD**
- 0039/08 08/00166
DELINGSSØKNAD GRN.32 BNR.1 FRITIDSBUSTAD
- 0040/08 08/00213
DELINGSSAK GNR 22, BNR 3. LAUVSKAR BUSTADTOMT
- 0041/08 08/00131
**SØKNAD OM BYGGJELØYVE FOR VEG PÅ GNR.44 BNR.21
BARMEN SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ
KOMMUNEPLAN**

0024/08

GODKJENNING AV FRAMLEGG TIL STRANDSONEPLAN

Framlegg til vedtak:

Framlegg til strandsoneplan dagsett 04.06.2008 med retningslinjer vert lagt ut til offentleg ettersyn.

Handsaming i møte:

Planframlegget med retningslinjer vart gjennomgått, og det vart føreslege eit par justeringar. Det var semje om å leggja ut til offentleg ettersyn eit framlegg til strandsoneplan med føresegner som vert dagsett 04.06.2008.

Vedtak:

Framlegg til strandsoneplan dagsett 04.06.2008 med retningslinjer vert lagt ut til offentleg ettersyn med høyringsfrist 15.08.2008.

0025/08

OPPSTART AV REGULERINGSPLAN GNR 18, BNR 5 ERIKAJORDET

Framlegg til vedtak:

Samnanger kommune set i gong arbeidet med å regulera Erikajordet for etablering av eit senter for rørslehemma og for bustadbygging. Avgrensing av planområdet er vist på kart dagsett 26.05.2008.

Handsaming i møte:

Utvalet vedtok samrøystes framlegg til vedtak.

Vedtak:

Samnanger kommune set i gong arbeidet med å regulera Erikajordet for etablering av eit senter for rørslehemma og for bustadbygging. Avgrensing av planområdet er vist på kart dagsett 26.05.2008.

0026/08

FORTETTING I BUSTADFELTET LØNNEBAKKEN

Framlegg til vedtak:

Tomtene nr. 53 - 56 vert ikkje bebygd i denne omgang. Desse tomtene vert tekne ut av avtalen med Vestlandshus.

Det vert opna opp for ei fortetting i bustadfeltet på Lønnebakken ved at det kan byggjast fleirbustadhus evt.mindre husvære på tomtene 39,40 og 46. Det vert og opna opp for at tomt nr. 49 og 50 kan bebyggjast med 3 bueiningar og at tomt nr. 6 kan bebyggjast med fleire bueiningar

Før vedtaket vert iverksett skal velforeinga i bustadfeltet på Lønnebakken høyrast.

Handsaming i møte:

Utvalet vedtok samrøystes framlegg til vedtak.

Vedtak:

Tomtene nr. 53 - 56 vert ikkje bebygd i denne omgang. Desse tomtene vert tekne ut av avtalen med Vestlandshus.

Det vert opna opp for ei fortetting i bustadfeltet på Lønnebakken ved at det kan byggjast fleirbustadhus evt.mindre husvære på tomtene 39,40 og 46. Det vert og opna opp for at tomt nr. 49 og 50 kan bebyggjast med 3 bueiningar og at tomt nr. 6 kan bebyggjast med fleire bueiningar

Før vedtaket vert iverksett skal velforeinga i bustadfeltet på Lønnebakken høyrast.

0027/08

REGULERINGSPLAN - HYTTEFELT KVITINGEN.

Framlegg til vedtak:

Planen vert lagt ut på høyring med dei justeringane som er lagt fram i utval for natur den 04.06.2008. Høyringsperioden vert sett til 30 dagar jamfør med plan og bygningslova §27-1.

Handsaming i møte:

Bjørn Sævild ba om å få vera ugild ved handsaminga av denne saka. Han grunnga det med at han ville verta prosjektleiar for utbygginga dersom den vert realisert. Utvalet hadde ikkje merknader til at han var ugild.

I møtet vart det lagt fram eit planframlegg som var justert i høve til merknadane frå kommunen men der vegen i feltet var føresett vinteropen.

Utvalet slutta seg samrøystes til planframlegget slik det vart vist i møtet med unnatak av punktet om vegen i feltet skulle brøytast. 1 røysta for at vegen ikkje skulle brøytast, dei andre 5 for at den kunne haldast open om vinteren.

Vedtak:

Planen vert lagt ut på høyring med dei justeringane som er lagt fram i utval for natur den 04.06.2008. Høyringsperioden vert sett til 30 dagar jamfør med plan og bygningslova §27-1.

0028/08

**DELINGSSAK GNR 24, BNR 8. - GJERDE, TILLEGGSAREAL
KLAGE PÅ VEDTAK**

Framlegg til vedtak:

Med heimel i § 63 og § 20-4 i plan og bygningsloven vert det gjeve delingsløyve for parsellar til bruk som tilleggsareal frå gnr 24 bnr 8. Parsellane skal reduserast i storleik i samsvar med kart datert 04.06.08. Parsellane vert frådelt som **tilleggsareal**, og det vil ikkje verta gjeve byggeløyve i området før reguleringsplan er utarbeida.

Handsaming i møte:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Med heimel i § 63 og § 20-4 i plan og bygningsloven vert det gjeve delingsløyve for parsellar til bruk som tilleggsareal frå gnr 24 bnr 8. Parsellane skal reduserast i storleik i samsvar med kart datert 04.06.08. Parsellane vert frådelt som **tilleggsareal**, og det vil ikkje verta gjeve byggeløyve i området før reguleringsplan er utarbeida.

0029/08

**SØKNAD OM DELING GNR.24 BNR.9
KLAGE PÅ VEDTAK**

Framlegg til vedtak:

Med heimel i § 7 vert det ikkje gjeve dispensasjon frå kommuneplanen og med heimel i § 63 og § 20-4 i plan og bygningsloven vert det ikkje gjeve delingsløyve for parsell til bustadhus frå gnr 24 bnr 9. Klagen vert ikkje tatt til følge.

Handsaming i møte:

Bjørn Sævild sette fram slikt vedtak:

Med heimel i § 7 vert det gjeve dispensasjon frå kommuneplanen og med heimel i § 63 og § 20-4 i plan og bygningsloven vert det gjeve delingsløyve for parsell til bustadhus frå gnr 24 bnr 9.

Vedtak:

Med heimel i § 7 vert det gjeve dispensasjon frå kommuneplanen og med heimel i § 63 og § 20-4 i plan og bygningsloven vert det gjeve delingsløyve for parsell til bustadhus frå gnr 24 bnr 9.

0030/08

**DELINGSSAK GNR 9, BNR 3.
BUSTADTOMT HISDALEN**

Framlegg til vedtak::

Med heimel i § 7 vert det gjeve dispensasjon frå kommuneplanen og med heimel i § 63 og § 20-4 i plan og bygningsloven vert det gjeve delingsløyve gnr 9 bnr 3.

Handsaming i møte:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Med heimel i § 7 vert det gjeve dispensasjon frå kommuneplanen og med heimel i § 63 og § 20-4 i plan og bygningsloven vert det gjeve delingsløyve gnr 9 bnr 3.

0031/08

DELINGSSAK GNR 35, BNR 3. - GARASJE BØRDALEN

Framlegg til vedtak::

Med heimel i § 7 vert det gjeve dispensasjon frå kommuneplanen og med heimel i § 63 og § 20-4 i plan og bygningsloven vert det gjeve delingsløyve frå gnr 35 bnr 3.

Handsaming i møte:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Med heimel i § 7 vert det gjeve dispensasjon frå kommuneplanen og med heimel i § 63 og § 20-4 i plan og bygningsloven vert det gjeve delingsløyve frå gnr 35 bnr 3.

0032/08

**SØKNAD OM BYGGJELØYVE FOR VEG TIL HYTTE PÅ GNR.34 BNR.185
SVENSDAL
SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLAN.**

Framlegg til vedtak::

Med heimel i plan og bygningslova § 7 vert det gjeve dispensasjon frå krav om reguleringsplan for bygging av veg til gnr.34 bnr.185.

Med heimel i plan og bygningslova §§ 93 og 95 vert det gjeve byggjeløyve for veg over bnr.1 fram til bnr.185.

Løyvet er gjeve i samsvar med søknad.dgs.21.04.2008.

Handsaming i møte:

Bjørn Sævild var ugild i denne saka. Han tok ikkje del i handsaminga.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Med heimel i plan og bygningslova § 7 vert det gjeve dispensasjon frå krav om reguleringsplan for bygging av veg til gnr.34 bnr.185.

Med heimel i plan og bygningslova §§ 93 og 95 vert det gjeve byggjeløyve for veg over bnr.1 fram til bnr.185.

Løyvet er gjeve i samsvar med søknad.dgs.21.04.2008.

0033/08

SØKNAD OM BYGGJELØYVE FOR TILBYGG TIL HYTTE PÅ GNR.24 BNR.71 VED FITJAVATNET. SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLAN.

Handsaming i møte:

Etter drøfting var det semje om at løyve for tilbygg kunne gjevast.

Vedtak:

Med heimel i plan og bygningslova § 7 vert det gjeve dispensasjon frå stadfest kommuneplan for tilbygg til hytte på gnr.24 bnr.71, innanfor byggjeforbodslinje langs Fitjavatnet.

Med heimel i plan og bygningslova §§ 93 og 95 vert det gjeve byggjeløyve for tilbygg til hytte på gnr.24 bnr.71 ved Fitjavatnet.

Løyvet er gjeve i samsvar med søknad dgs.27.03.08.

Det er ikkje lov å nytta trykkimpregnert materiale korkje i tilbygget eller til terrasse. Som alternativ kan det nyttast al-furu eller russisk lerk.

Tiltakshavar er sjølv , eventuelt med leigd hjelp, ansvarleg for at alt arbeid vert utført i samsvar med gjeldande krav i plan og bygningslova med tilhøyrande forskrifter.

Vedr. opplysning om klagerett på vedtaket vert det synt til forvaltningslova §§ 27 og 29-32 og plan og bygningslova §15. Klagefristen er 3 veker frå de mottok vedtaket.

0034/08

SØKNAD OM BYGGJELØYVE FOR RADARMASTER PÅ GNR.36 BNR.1 OG GNR.39 BNR.5 DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLAN

Framlegg til vedtak::

Med heimel i plan og bygningslova § 7 vert det gjeve dispensasjon frå forbod mot bygging i LNF området, for bygging av 2 radarmaster.

Med heimel i plan og bygningslova §§ 93 og 95 vert det gjeve byggjeløyve for 2 radarmaster. Ei mast på gnr.36 bnr.1 og ei på gnr.39 bnr.5.

Løyvet er gjeve i samsvar med søknad dgs.21.04.2008.

BKK Nett vert gjeve lokal godkjenning av foretak i samsvar med søknad dgs.28.04.08.

Vedr. opplysning om klagerett på vedtaket, vert det synt til forvaltningslova §§ 27 og 29-32 og plan og bygningslova §15. Klagefristen er 3 veker frå de mottok vedtaket.

Handsaming i møte:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Med heimel i plan og bygningslova § 7 vert det gjeve dispensasjon frå forbod mot bygging i LNF området, for bygging av 2 radarmaster.

Med heimel i plan og bygningslova §§ 93 og 95 vert det gjeve byggjeløyve for 2 radarmaster.

Ei mast på gnr.36 bnr.1 og ei på gnr.39 bnr.5.

Løyvet er gjeve i samsvar med søknad dgs.21.04.2008.

BKK Nett vert gjeve lokal godkjenning av foretak i samsvar med søknad dgs.28.04.08.

Vedr. opplysning om klagerett på vedtaket, vert det synt til forvaltningslova §§ 27 og 29-32 og plan og bygningslova §15. Klagefristen er 3 veker frå de mottok vedtaket.

0035/08

**BYGGJESAK HYTTE GNR 18, BNR 1. REISTAD
KLAGE PÅ VEDTAK I NATURUTVALET SAK 8/08**

Framlegg til vedtak:

Klage dgs.07.05.08 vert teken til fylgje.

Med heimel i plan og bygningslova §§ 93 og 95 vert det gjeve byggjeløyve for hytte på gnr.18 bnr.1 Reistad.

Løyvet er gjeve i samsvar med søknad dgs.16.01.08

Vedr. opplysning om klagerett på vedtaket, vert det synt til forvaltningslova §§ 27 og 29-32 og plan og bygningslova § 15. Klagefristen er 3 veker frå de mottok vedtaket.

Handsaming i møte:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Klage dgs.07.05.08 vert teken til fylgje.

Med heimel i plan og bygningslova §§ 93 og 95 vert det gjeve byggjeløyve for hytte på gnr.18 bnr.1 Reistad.

Løyvet er gjeve i samsvar med søknad dgs.16.01.08

Vedr. opplysning om klagerett på vedtaket, vert det synt til forvaltningslova §§ 27 og 29-32 og plan og bygningslova § 15. Klagefristen er 3 veker frå de mottok vedtaket.

0036/08

**SØKNAD OM LØYVE TILÅ RIVA OG BYGGJAOPPATT NAUST PÅ GNR.24
BNR.270 GJERDE. SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLAN VEDR.
BREDDEN PÅ NAUS**

Framlegg til vedtak::

Med heimel i plan og bygningslova § 7 vert det gjeve dispensasjon frå kommuneplan for bygging av 5,7m breidt naust.

Med heimel i plan og bygningslova §§ 93 og 95 vert det gjeve byggjeløyve for naust på gnr.24 bnr.270 Gjerde. Naustet skal ha same breidde som eksisterande naust.

Med unntak av redusert breidde på naustet, er byggjeløyve gjeve i samsvar med søknad dgs.12.05.08. inklusive utbetring/forsterking av eksisterande molo.

Vedr. opplysning om klagerett på vedtaket, vert det synt til forvaltningslova §§ 27 og 29-32 og plan og bygningslova § 15. Klagefristen er 3 veker frå de mottok vedtaket.

Handsaming i møte:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Med heimel i plan og bygningslova § 7 vert det gjeve dispensasjon frå kommuneplan for bygging av 5,7m breidt naust.

Med heimel i plan og bygningslova §§ 93 og 95 vert det gjeve byggjeløyve for naust på gnr.24 bnr.270 Gjerde. Naustet skal ha same breidde som eksisterande naust.

Med unntak av redusert breidde på naustet, er byggjeløyve gjeve i samsvar med søknad dgs.12.05.08. inklusive utbetring/forsterking av eksisterande molo.

Vedr. opplysning om klagerett på vedtaket, vert det synt til forvaltningslova §§ 27 og 29-32 og plan og bygningslova § 15. Klagefristen er 3 veker frå de mottok vedtaket.

0037/08

**FORSKRIFT OM FRIST FOR SPREIING AV GJØDSELVARER AV ORGANISK
OPPHAV I SAMNANGER.**

Framlegg til vedtak::

Framlegg til forskrift om spreiring av husdyrgjødsel vert sendt til høyring i samsvar med forvaltningslova § 37. Høyringsfristen vert sett til 1. august 2008.

Handsaming i møte:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Framlegg til forskrift om spreieing av husdyrgjødsel vert sendt til høyring i samsvar med forvaltningslova § 37. Høyringsfristen vert sett til 1. august 2008.

0038/08

**SØKNAD OM FRITAK FRÅ BU- OG DRIVEPLIKTA PÅ GNR 9 BNR 2
SVENN INGE SKULSTAD****Framlegg til vedtak:**

Samnanger kommune gjev Svern Inge Skulstad varig fritak frå bu- og driveplik på gnr 9 bnr 2 i Samnanger på vilkår at jordbruks- og utmarksarealet vert halde i hevd.

Vedtaket har heimel i konsesjonslova §§ 1 og 5.

Handsaming i møte:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Samnanger kommune gjev Svern Inge Skulstad varig fritak frå bu- og driveplik på gnr 9 bnr 2 i Samnanger på vilkår at jordbruks- og utmarksarealet vert halde i hevd.

Vedtaket har heimel i konsesjonslova §§ 1 og 5.

0039/08

**DELINGSSØKNAD GRN.32 BNR.1
FRITIDSBUSTAD****Framlegg til vedtak:**

Med heimel i § 7 vert det gjeve dispensasjon frå kommuneplanen og med heimel i § 63 og § 20-4 i plan og bygningsloven vert det gjeve delingsløyve for festetomt nr.4 frå gnr 32 bnr 1.

Deling kan godkjennast etter jordlova § 12.

Handsaming i møte:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Med heimel i § 7 vert det gjeve dispensasjon frå kommuneplanen og med heimel i § 63 og § 20-4 i plan og bygningsloven vert det gjeve delingsløyve for festetomt nr.4 frå gnr 32 bnr 1.

Deling kan godkjennast etter jordlova § 12.

0040/08

**DELINGSSAK GNR 22, BNR 3.
LAUVSKAR BUSTADTOMT**

Framlegg til vedtak:

Med heimel i § 63 og § 20-4 i plan og bygningsloven vert det gjeve delingsløyve til bustadtomt frå gnr 22 bnr 3.

Handsaming i møte:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Med heimel i § 63 og § 20-4 i plan og bygningsloven vert det gjeve delingsløyve til bustadtomt frå gnr 22 bnr 3.

0041/08

**SØKNAD OM BYGGJELØYVE FOR VEG PÅ GNR.44 BNR.21 BARMEN
SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLAN**

Handsaming i møte:

Utvalet var på synfaring.

Vedtak:

Med heimel i plan og bygningslova 7 vert det gjeve dispensasjon frå forbod mot bygging i LNF område i stadfest kommuneplan, for bygging av veg på gnr.44 bnr.21.

Med heimel i plan og bygningslova §§ 93 og 95 vert det gjeve byggjeløyve for traktorveg frå bustadhuset og til sjøen på gnr.44 bnr.21 i Barmen.

Løyvet er gjeve i samsvar med søknad dgs.12.03.08.